

Dette er eit utkast til analysegrunnlag for overordna analyse for plan for forvaltningsrevisjon. Dokumentet kan reviderast etter det er lagt fram for kontrollutvalet. Revidert versjon vil sendast kontrollutvalet saman med plan for forvaltningsrevisjon.

Sveio kommune

Overordna analyse

«Overordna analyse»

September 2016

Rapporten er utarbeidd for Sveio
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 51 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1. Innleiing	4
2. Oversikt over identifiserte risikoområde	7
3. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt	19
4. Tidlegare forvaltningsrevisionar	22
Vedlegg: Statistikk	23

1. Innleiing

Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon. Dette dokumentet er eit analysegrunnlag som skal danne grunnlag for kontrollutvalet sitt arbeid med plan for forvaltningsrevisjon for 2016-2020.

For at kontrollutvalet sin nye plan skal spegle dei viktigaste områda i kommunen der det er behov for forvaltningsrevisjon, har Deloitte gjennomført ei risiko- og vesentlegvurdering (overordna analyse) av verksemda til kommunen. I prosessen med den overordna analysen har det blitt lagt opp til involvering, både av kontrollutvalet administrasjonen og politiske organ.

Analysen er av overordna karakter, og i stor grad basert på innspel som har komme fram gjennom intervju, spørjeundersøking og gjennomgang av tilgjengeleg skriftleg informasjon. Informasjon som har komme fram i intervju og spørjeundersøking er bare i avgrensa grad verifisert av kommunen i denne analysen. Informasjonen er i analysegrunnlaget brukt som indikasjon på risikoforhold som eventuelt bør eller kan følgast opp/undersøkast i ein forvaltningsrevisjon dersom kontrollutvalet og kommunestyret vedtar dette.

1.1 Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon

I forskrift om kontrollutval § 10 går det fram at:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv, som kan delegera til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Det er også eit krav om at planen skal vere basert på ei overordna risiko- og vesentlegvurdering:

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorar og virksomheter.

Føremålet med den overordna analysen er å skaffe relevant informasjon om kommunen si verksemd, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritere mellom ulike område kor det kan vere aktuelt å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon.

Den overordna analysen skal avdekke indikasjonar på avvik eller sårbare område i forvaltninga, sett i forhold til regelverk, politiske mål og vedtak. I denne samanhengen viser «risiko» til sannsynet for og konsekvensane av at det kan førekommme avvik frå for eksempel regelverk, mål, vedtak og andre føringer som kommunen har sett for verksemda.

Risiko bør vurderast innanfor alle kommunen sine vesentlege tenesteområde. På bakgrunn av denne risikoanalysen blir det utarbeidd forslag til forvaltnings-revisjonsprosjekt. Det er kontrollutvalet må avgjere kva prosjekt dei ønskjer å prioritere i sin plan for forvaltningsrevisjon.

I regelverket går det fram at kontrollutvalet skal sjå til at verksemda blir gjenstand for forvaltningsrevisjon, og er ansvarleg for å bestille forvaltningsrevisjon av revisjonen. Bestilling av prosjekt for forvaltningsrevisjon skal som hovudregel ta utgangspunkt i utarbeidd plan for forvaltningsrevisjon som er vedtatt av kommunestyret.

UTKAST

I kommunelova § 77 er forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut fra kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader. Tema for forvaltningsrevisjon kan bl.a. vere å (jf. forskrift om revisjon § 7):

- vurdere om forvaltninga bruker ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader
 - vurdere om forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive for å nå måla som er satt på området
 - vurdere om regelverket blir etterlevd
 - vurdere om forvaltninga sine styringsverktøy og verkemiddel er hensiktsmessige
 - vurdere om saker frå administrasjonen til dei politiske organa er tilstrekkeleg utgreidde
 - vurdere om resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller om resultata for verksemda er nådd

I praksis har kontrollutvalet stor fridom til å definere korleis prosjekta skal utformast gjennom føremål og problemstillingar. Forvaltningsrevisjon kan gjennomførast innanfor alle tenesteområda i kommunen. Men i følgje forskriftera skal gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skje i samsvar med god communal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standardar på området. Det skal også etablerast revisjonskriterium for det enkelte prosjekt.

1.2 Metode for gjennomføring av overordna analyse

1.2.1 Dokumentanalyse

Dokumenta som er gjennomgått er i hovudsak informasjon frå Sveio kommune si heimeside, årsmelding 2015, budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019.

1.2.2 Statistikk

Offentleg statistikk er henta frå KOSTRA, og viser tal frå tenesteområda som er gjennomgått i analysen. KOSTRA gjer det mogleg å samanlikne tall som gjeld for kommunen med gjennomsnittet for andre kommunar av liknande storleik (kommunegruppa) og for landet.

1.2.3 Intervju

Det er gjennomført intervju med eit utval administrative og politiske leiarar i kommunen. Vi har gjennomført intervju med rådmann, tre kommunalsjefarar, økonomisjef og personalleiar. Av politiske leiarar har vi intervjua ordførar, varaordførar og to gruppeleiarar.

1.2.4 Spørjeundersøking


Det er sendt ut ei elektronisk spørjeundersøking til einingsleiarar i kommunen (som ikkje blei intervjuat). Spørjeundersøkinga blei sendt ut til 18 leiarar og vi fekk svar frå 13 leiarar innan fristen (72 prosent). Det er også sendt ut ei spørjeundersøking til ni hovudtillitsvalte og hovudverneombod. Fem av desse har svart på undersøkinga, noko som utgjer 56 prosent. I spørjeundersøkinga blei det mellom anna stilt spørsmål om kva område i kommunen ein meiner det er knytt særskilt risiko til.

1.2.5 Prosessmøte i kontrollutvalet

Innleiingsvis i prosessen ble det gjennomført eit risikospel i kontrollutvalet der det ble gjort ei systematisk vurdering av risiko innanfor dei ulike tenesteområda i kommunen. Informasjonen frå prosessmøtet er tatt inn som ein del av datagrunnlaget for rapporten.

1.3 Lesarrettleiing

Innspela som er samla inn i samband med den overordna analysen er systematisert og framstilt i dette dokumentet. Dokumentet er meint som eit grunnlag for kontrollutvalet for å velje ut og prioritere forvaltningsrevisionsprosjeikt.



UTKAST

Risikovurderingane og forslag til prosjekt er basert på ein overordna gjennomgang av kommunen sine tenesteområde.

I kapittel 2 presenterer vi oversikta over identifiserte risikoområde som er eit resultat av undersøkinga vi har gjort i samband med analysearbeidet.

Risikovurderingane dannar grunnlag for forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekta blir presentert i kapittel 3. Forslaga til prosjekt er ikkje presentert i prioritert rekkefølge. Prioritering og val av prosjekt skal kontrollutvalet gjere. Kontrollutvalet står også fritt til å legge til og/eller ta vekk prosjekt i forhold til lista som her er presentert. Endeleg prioritering av prosjekt blir framstilt i plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020, som skal leggast fram for kommunestyret.

I kapittel 4 presenterer vi ei oversikt over tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar.

KOSTRA-tala vi har gjennomgått er lagt ved som vedlegg til rapporten.

2. Oversikt over identifiserte risikoområde

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon vil vi i dette kapittelet oppsummere og vurdere risiko for manglende produktivitet, måloppnåing, regeletterleving og effektivitet som er identifisert innan dei respektive områda i Sveio kommune som er gjennomgått.

Risikonivå er i tabellane nedanfor farga med raudt som representerer høg risiko eller gult som representerer middels risiko:

Tabell 1 Fargesymbol

Fargesymbol Skildring av vurdering av risiko

Fargesymbol	Skildring av vurdering av risiko
	<p>«Høg risiko» På område som er merka med raudt meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere høg risiko for anten manglende produktivitet, måloppnåing, regeletterleving eller effektivitet. Vurdering av årsak (sannsynlegheit) og verknad (konsekvens) gjev grunnlag for Deloitte si risikovurdering for kvart område.</p>
	<p>«Middels risiko» På område som er merka med gult meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere middels risiko for anten manglende produktivitet, måloppnåing, regeletterleving eller effektivitet. Vurdering av årsak (sannsynlegheit) og verknad (konsekvens) gjev grunnlag for Deloitte si risikovurdering for kvart område.</p>


Det er viktig å påpeike at risikovurderingane er skjønnsmessige, og vurderinger er basert på føreliggande informasjon. Kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er foreslått her. Det er derfor kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølga for forvalnings-revisjonsprosjekt i den planen som blir lagt fram for kommunestyret.

Vi vil understreke at ikkje all informasjon som går fram er verifisert av kommunen, og bør derfor ikkje nyttast som fakta utan at ytterlegare undersøkingar er gjennomført.

2.1 Bakgrunn

Organiseringa til Sveio kommune går fram av organisasjonskartet nedanfor.

Figur 1: Organisasjonskart, Sveio kommune.



2.1.1 Finansielle nøkkeltall

Det går fram av KOSTRA at Sveio kommune har hatt ein nedgang i brutto og netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter frå 2013 til 2015, men Sveio ligg over gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i 2013 og i 2015. Sjå Tabell 2 i vedlegget.

2.1.2 Befolkningsutvikling

Frå 2013 til 2015 har det skjedd ei auke i folkemengda i Sveio kommune, frå 5463 personar i 2013 til 5593 i 2015.

2.2 Sektorovergripande område

Sentraladministrasjonen består av følgjande einingar: offentleg servicekontor, IKT, økonomikontoret m/skatt, eigedomsskattekontoret, løn- og personalkontoret, lærlingar og rådmann.

2.2.1 Internkontroll

I undersøkinga blir det vist til at kommunen har eit kvalitetssystem men at dette er under revidering. Det blir samtidig vist til at mange funksjonar i kommunen er sårbare med omsyn til fråvær og at gode system og rutinar blir særleg viktige for å hindre uheldige hendingar.

2.2.2 Arkiv

Det går fram av årsrapporten¹ for 2015 for Sveio kommune at det kan vere utfordringar knytt til implementering av fullelektronisk dokumenthandsaming i fleire arkivdelar i kommunen, som til dømes skule/barnehage, byggesak, personalarkiv m.v.

2.2.3 Innkjøp

Sveio kommune er med i eit innkjøpssamarbeid på Haugalandet. Det blir i undersøkinga peika på at Sveio har hatt utfordringar knytt til arbeidet med offentlege anskaffingar og innkjøp, og at oppfølginga frå kommunen ikkje har vore god nok på dette området. Etter at innkjøpssamarbeidet med Haugalandet kom på plass har dette betra seg.

¹ Sveio kommune – Årsrapport 2015.

UTKAST

2.2.4 Investering

Det blir peika på at kommunen manglar framdrift i arbeidet med investeringar. Pengar blir satt av til å utføre investeringar, men gjennomføringsevna manglar. Det går fram av Sveio kommune sin økonomiplan at det skal byggast ny barne- og ungdomsskule i kommunen. Av undersøkinga går det fram at det er knytt uro til dette prosjektet, sidan utbygginga stadig blir dyrare enn først estimert. Bygginga av skulen er enno ikkje satt i gang, men utgiftene til prosjektet er allereie høge.

2.2.5 Vedtaksoppfølging

Det går fram av undersøkinga at det kan vere risiko knytt til oppfølging av kommunale vedtak i Sveio kommune. Dette gjelder særleg etterleving av kommunale vedtak i teknisk sektor, der det ikkje har vore optimal framdrift. Det blir ytra ønske om å sjå nærmare på korleis vedtak blir etterlevd, og korleis dei blir følgt opp frå politisk nivå og ned i einingane.

2.2.6 Informasjonstryggleik

I undersøkinga blir det peika på at det kan vere risiko knytt til at Sveio kommune ikkje har gode nok rutinar for å sikre tilfredsstillande personverk, datasikkerhet og beredskap innan IKT. Kommunen har nyleg fått eit nytt elektronisk system, men det er knytt uro til at kommunen mellom anna ikkje har eige personvernombod eller ein fast person som har ansvar for datahandsaming. Det blir peika på at kommunen manglar kompetanse på lover og forskrifter, samt manglar tilstrekkeleg teknisk kompetanse for å sikre tilstrekkelig informasjonstryggleik.

I matrisa under følgjer ei vurdering av ulike risikoområde som er avdekkja i denne undersøkinga:

Sektorovergripande oppgåver				
Riskoområde	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Informasjonstryggleik	Undersøkinga viser at kommunen har manglende rutinar for å sikre informasjonstryggleik.	<ul style="list-style-type: none">• Risiko for brot på regelverk• Risiko for at uvedkomande får tilgang til informasjon som skal vere unntatt offentlegheit• Risiko for manglende rutinar		
Innkjøp	Det går fram av undersøkinga at kommunen har hatt utfordringar knytt til offentlege anskaffingar og innkjøp, og at oppfølginga frå kommunen ikkje har vore god nok på dette området.	<ul style="list-style-type: none">• Risiko for brot på regelverk• Risiko for kostnadsineffektive innkjøp• Risiko for omdøme		
Vedtaksoppfølging	I undersøkinga blir det stilt spørsmål ved om kommunen har gode system for å sikre oppfølging av politiske vedtak. Det blir stilt spørsmål ved korleis administrasjonen prioriterer saker og sikrar tverrfagleg	<ul style="list-style-type: none">• Risiko for manglende oversikt og oppfølging• Risiko for uklar prioritering av saker		

UTKAST

Sektorovergripande oppgåver				
Risikoområde	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
	<p>oppfølging der dette er nødvendig.</p> <p>Det blir peika på at det hadde vore interessant å få desse problemstillingane belyst gjennom ein forvaltningsrevisjon</p>			
Investeringsprosjekt	Blir vist til manglande gjennomføringsevne i undersøkinga. Samtidig blir det peika på at ansvarsfordelinga knytt til investeringprosjekt er tydeligare no enn den var tidlegare.	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for manglande gjennomføring sevne • Risiko for at prosjekt ikkje følgjer framdriftsplanar • Risiko for mangelfull planlegging og budsjettstyring 		
Arkiv og journalføring	Sårbart område pga. overgang til fullelektronisk system. Det blir peika på at implementeringa kan vere utfordrande i enkelte sektorar	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for at ikkje all arkivverdig dokumentasjon blir arkivert • Risiko for at system ikkje blir tatt i bruk i tilstrekkeleg grad • Risiko for mangelfull opplæring 		
Internkontroll	Det går fram av undersøkinga at kommune sitt kvalitetssystem ikkje er oppdatert og at kommunen er sårbart ved fråvær i ein del stillingar	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for manglande rutinar • Risiko for mangelfulle risikoanalysar 		

2.3 Oppvekst

2.3.1 Barnehage

I Sveio kommune er det åtte barnehagar, av desse er tre kommunale og fem private.

Det går fram av KOSTRA-tala at Sveio kommune har høgare netto driftsutgifter til barnehagesektoren i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i perioden 2013 til 2015. Sjå Tabell 4 i vedlegget.

UTKAST

I budsjett og økonomiplan for Sveio kommune blir det peika på at lønsutgifter i barnehagesektoren har vore ei utfordring, sidan dette er ein kostnad som har auka meir enn det er blitt kompensert for i budsjettetramma dei seinare åra. Det har difor blitt dårlegare økonomisk handlingsrom for barnehagane, og det har vore utfordrande å halde budsjettbalanse. Dette har mellom anna ført til kutt i grunnbemanningsa. Vidare blir det i økonomiplan og i årsrapport peika på at det er ei utfordring å sikre betre fysisk til rettelegging i barnehagane for barn med særskilde behov. Sikring av samordna tverrfagleg innsats for barn som er i risiko for ueheldig utvikling blir også trekt fram i årsrapporten som ei hovudutfordring for barnehageområdet.

I undersøkinga blir det stilt spørsmål ved om barnehagane er organisert på ein hensiktsmessig måte med omsyn til bemanning. Dei kommunale barnehagane i kommunen har hatt større utfordringar med sjukefråvær og bemanning samanlikna med dei private. Vidare blir det peika på at Sveio har hatt høg del spesialpedagogisk hjelp i barnehagane.

2.3.2 Grunnskule

Sveio kommune har fire barneskular, ein kombinert barne- og ungdomsskule, eit oppvekstsenter, samt vaksenopplæring.

KOSTRA-tala viser at Sveio kommune har høgare netto driftsutgifter til grunnskulesektor i prosent av samla netto driftsutgifter samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i perioden 2013-2015. Det går vidare fram av KOSTRA-tala at det har skjedd ei auke i delen elevar i grunnskulen i Sveio som får særskild norskopplæring frå 2014 til 2015, og i 2015 ligg Sveio over gjennomsnittet for kommunegruppa. Samstundes går det fram av KOSTRA-tala at ingen elever i grunnskulen i Sveio får mormålsopplæring. Sjå Tabell 5 i vedlegget.

Det går vidare fram av KOSTRA-tala at det har skjedd ein auke i delen elevar i grunnskulen i Sveio som får spesialundervisning frå 2013 til 2015. I 2014 og 2015 ligg Sveio kommune over gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo. Sjå Tabell 5 i vedlegget. I undersøkinga blir det peika på at Sveioskulen har eit høgt tal timer per tiltak om spesialundervisning, og at det hadde vore hensiktsmessig å sjå på samarbeidet mellom PPT og skulane. Vidare blir det peika på at det kunne vore hensiktsmessig å sjå på forholdet mellom tilpassa opplæring og spesialundervisning.

Det går fram av Sveio kommune sin årsrapport og frå intervju gjennomført i undersøkinga at det har vore fokus på utviklingsprogrammet RESPEKT i arbeidet med det psykososiale miljøet i skulen. Det går fram av undersøkinga at RESPEKT-programmet gav utteljing med ein gong, men frå 2015 var det teikn til problem med mobbing igjen. Det blir peika på at det kan vere føremålstøylenleg å sjå nærmare på korleis skulane jobbar med sakshandsaming av mobbesaker, og korleis det blir jobba med å sikre etterleving av regelverket i Respektprogrammet. I undersøkinga blir det også peika på at skulane til tider opplever det som utfordrande å gjennomføre vedtak ved mobbing eller annen krenkande åtferd, jf. Opplæringslova kap. 9a.

I 2014 gjennomførte Fylkesmannen i Hordaland tilsyn med Sveio og Førde skule i Sveio kommune. Tema for tilsynet var forvaltningskompetanse og avgjerder om særskild tilrettelegging.² Tilsynet avdekte følgjande avvik:

- Manglande dokumentasjon på krav til grunngjeving av enkeltvedtak.
- Manglande dokumentasjon på i kva grad skulen gjer enkeltvedtak der PPT har konkludert med at eleven ikkje har behov for spesialundervisning.
- Manglande informasjon i enkeltvedtak om innhaldet i spesialundervisninga eleven blir gitt.
- Manglande informasjon av organisering av særskild språkopplæring i enkeltvedtak.

2.3.3 Kultur, idrett og friluftsliv

Avdelinga for kultur i Sveio kommune har ansvar for allment kulturarbeid i kommunen, Sveio folkebibliotek, Sveio kulturskule, «Den kulturelle skulesekken», «Den kulturelle spaserstokken», Sveio Ungdomsråd, idrett, Fartein Valen-arbeidet inkludert Fartein Valen-festivalen, Vigdartun, ulike stønadsordningar, kulturvern og reiseliv.

² Fylkesmannen i Hordaland – *Endeleg tilsynsrapport – Forvaltningskompetanse – avgjerder om særskild tilrettelegging, Sveio kommune – Førde skule*, desember 2014.

Fylkesmannen i Hordaland – *Endeleg tilsynsrapport – Forvaltningskompetanse – avgjerder om særskild tilrettelegging, Sveio kommune – Sveio skule*, desember 2014.

UTKAST

Det går fram av KOSTRA-tala at Sveio kommune ligg under gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo når det gjeld netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter og per innbyggjar. Desse utgiftene har minka for Sveio kommune frå 2013 til 2015.

I undersøkinga blir det peika på at det ein ikkje i tilstrekkeleg grad nyttar moglegheita til å søke eksterne tilskotsmidlar til kulturområdet.

I matrisa under følgjer ei vurdering av ulike risikoområde som er avdekkja i denne undersøkinga:

Oppvekst				
Risikoområd e	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Ressursbruk i barnehagen	<p>I undersøkinga har det blitt peika på at barnehagane i kommunen har utfordringar knytt til bemanning og sjukefråvær, spesielt i dei kommunale barnehagane.</p> <p>Det blir også peika på utfordringar knytt til at mange barn har behov for spesialpedagogisk hjelp</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for manglende kapasitet og kompetanse • Risiko for manglende regeletter-leving • Risiko for manglende tryggleik ved låg bemanning 		
Tverrfagleg innsats for barn i risiko	Arbeid for å sikre tverrfagleg innsats for barn i risiko blir framheva som utfordrande	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for manglende regeletter-leving • Risiko for manglende rutinar • Risiko for manglende kompetanse 		
Spesialundervisning i grunnskulen	Det går fram av undersøkinga at kommunen har ein høg del spesialundervisning i grunnskulen, og at det kan vere nyttig å sjå på samhandlinga mellom skulane og PPT	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for regelbrot • Risiko for mangelfullt systemarbeid frå PPT • Risiko for mangelfull samhandling mellom skule og PPT 		
Psykososialt miljø i grunnskulen	Det går fram av undersøkinga at kommunen har arbeidd med mobbe-problematikken i skulane, men at dette arbeidet ikkje har gitt dei resultata ein hadde håpa på.	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for regelbrot • Risiko for mangelfulle rutinar • Risiko for ikkje tilstrekkeleg systematisk arbeid 		

2.4 Helse og omsorg

2.4.1 Helse og rehabilitering med fellestenester

Helse og rehabilitering består av eit mangfald av tenester: Helsestasjon- og skulehelseteneste, jordmorteneste, legeteneste, legevakt, psykisk helseteneste med dagsenter og bufellesskap, fysioterapiteneste, hjelphemiddel og frisklivstiltak. SLT-arbeidet og tenestekontor er også ein del av rammeområdet.

Av undersøkinga går det fram at helsestasjonen i kommunen har fått mykje ekstra arbeid etter at kommunen har tatt imot nye flyktningar. Det er bevilga midlar til helsestasjonen, men rapporteringa på kva pengane går til har ikkje vore god nok. Det er ønskje om at ein forvaltningsrevisjon kunne sjå nærmare på korleis midlar blir forvalta ved helsestasjonen, og om bemanninga er tilstrekkeleg.

I økonomiplanen til Sveio kommune blir det peika på at det er utfordrande å skape gode butilbod med tilstrekkeleg tilsyn og omsorg for personar med samansett psykisk livsproblematikk, kriminalitet- og/eller rusproblem. Det blir vidare peika på utfordingar knytt til å sikre god kompetanse og tilbod for førebygging og handtering av den veksande gruppa barn og unge som slit psykisk, og det aukande behovet for rettleiing og støtte til barn og unge og deira familiar i vanskelege livssituasjoner.

I undersøkinga blir det peika på at det kan vere risiko for underrapportering av avvik i habiliteringstenesta, og at rutinane for avviksrapportering kan bli betre.

2.4.2 Pleie og omsorg

Eininga for pleie og omsorg består av Sveio omsorgssenter med 43 sengeplassar fordelt på tre avdelingar, kjøkkendrift for institusjon og levering av middag til heimebuande, vaskeri- og reinhaldsavdeling og drift av dagsenteret. I tillegg kjem heimetenenesta med ansvar for heimesjukepleie, miljø- og mestringstenesta, heimehjelp, tryggleiksalarmer, BPA og omsorgsløn.

Det går fram av Sveio kommune sin årsrapport og av intervjuar gjot i undersøkinga at eininga for pleie og omsorg hadde eit meirforbruk på 3 448 887 kr. Dette skuldast hovedsakleg vakanse i stillingar for sjukepleiarar, noko som har utløyst eit behov for innleie frå vikarbyrå i både sjukeheimen og heimetenenesta for å sikre forsvarleg drift. Det går vidare fram av årsmeldinga at etterspurnaden etter pleie- og omsorgsteneste har vore markant aukande. Samstundes har det blitt gjort betydelege driftsreduksjonar dei siste to åra, og med redusert grunnbemannning har ein i aukande grad måttet nytte seg av innleigde vikarar. Det går også fram av årsrapporten at eininga for pleie- og omsorgstenester fekk dagbøter for overliggsdøgn på sjukehus i 2015.

Det går fram av KOSTRA-tala at Sveio kommune har ein høgare del plassar i institusjon i prosent av mottakarar av pleie- og omsorgstenester, og ein høgare del bebuarar på institusjon samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo. Samstundes har Sveio kommune ein lågare del mottakarar av heimetenerster i alle aldersgrupper samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo. Det går fram av årsrapporten at Sveio kommune er i gang med bygging av eit nytt omsorgssenter i kommunen.

I matrisa under følgjer ei vurdering av ulike risikoområde som er avdekka i denne undersøkinga:

Helse og omsorg				
Riskoområde	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Ressursbruk og bemanning ved helsestasjon	Det går fram av undersøkinga at kapasiteten ved helsestasjonen har vore pressa etter mottak av flyktningar til kommunen, og rapporteringa av kva bevilga midlar går til er ikkje god nok.	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for mangelfulle tenester som følgje av låg kapasitet Risiko for brot på regelverk 		

UTKAST

Helse og omsorg				
Risikoområde	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Pleie og omsorg	<p>Det går fram av undersøkinga at pleie- og omsorgstenesta i kommunen har hatt store utfordringar med vakansar.</p> <p>Vidare går det fram at kommunen har ein høg del institusjonsplassar og ein låg del brukarar av heimetenester.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for mangelfulle tenester • Risiko for brot på regelverk • Risiko for ikkje optimal samansetning av tilbod 		
Habiliterings-tenesta	I undersøkinga kjem det fram at det er ein underrapportering av avvik	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for brot på regelverk • Risiko for manglende moglegheiter for forbetring på bakrunn av avviks-registrering 		
Oppfølgings-tenester for utsette grupper	Det blir peika på at det er utfordrande å skape gode butilbod med tilstrekkeleg tilsyn og omsorg for personar med samansett psykisk livsproblematikk, kriminalitet- og/eller rusproblem.	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for brot på regelverk • Risiko for mangelfullt tilbod 		

2.5 Sosiale tenester

2.5.1 NAV

NAV Sveio har ansvar for sosiale tenester, arbeids- og velferdsforvaltning og handtering av flyktningar. NAV er delt inn i tre team:

- 1) **Flyktningteamet** driv med busetting av flyktningar og introduksjonsprogram.
- 2) **Sosialteamet** driv i hovudsak med økonomisk sosialhjelp/kvalifiseringsprogram
- 3) **Ressurs- og jobbaseteamet** arbeider med ungdom mellom 16 og 30 år som ikkje er i aktivitet eller arbeid.

Det går fram av Sveio kommune sin årsrapport at bustadsetting av flyktningar har vore ei stor utfordring i kommunen. Kommunen har lit høvelege bustader til leige, og løysingane som takast i bruk i dag er dyre. Vidare blir det peika på at buoppfølging er ei utfordring for kommunen å gjere godt nok. Det går fram av undersøkinga at kommunen aukar flyktningmottaket, og det er knytt uro til om kommunen styrer veksten i denne sektoren ein effektiv måte. Det blir også trekt fram i undersøkinga at Sveio skal ta imot mindreårige flyktningar, og det blir stilt spørsmål ved om kommunen kan sikre at denne gruppa får alle tenester og tilbod som dei har rett på.

KOSTRA-tala viser at Sveio kommune har ein høgare del nye søknader om kommunalt disponerte bustader samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i perioden 2013-2015. Sveio harogså ein høgare del søkerar og nye søkerar som har fått avslag på communal bustad samanlikna med dei same gruppene i same periode. KOSTRA-tala viser også at Sveio kommune har ein langt høgare del nyinnflytta flyktningar samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i perioden 2013 til 2015. Sjå

UTKAST

Tabell 15 i vedlegget.

Det blir vidare peika på i årsrapporten at Sveio kommune har ei veksande gruppe med unge brukarar av NAV. I slutten av 2015 var det nærmere 70 ung i aldersgruppa 17-30 år som var registrert som arbeidssøkarar. Mange av desse unge mottok økonomisk sosialhjelp. KOSTRA-tala viser at Sveio kommune har ein høgare del netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i perioden 2013-2015. Sjå Tabell 8 i vedlegget.

Årsmeldinga peikar også på at Sveio kommune har store utfordringar med unge rusmisbrukarar. Kommunen opplever det som utfordrande å finne dei rette aktivitets- og arbeidstiltaka for dei tyngste brukargruppene, og delen personar som har trong for økonomisk rådgjeving har også auka. Årsrapporten peikar på at slik rådgjeving er svært ressurskrevjande. Samstundes går det fram av KOSTRA-tala at Sveio kommune har lågare netto driftsutgifter til råd, rettleiing og sosialt førebyggande arbeid per innbyggjar i aldersgruppa 20-66 år samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i perioden 2013-2015.

Det går også fram av KOSTRA-tala at det ikkje er fatta nokon vedtak i Sveio kommune i perioden 2013-2015 om midlertidige tiltak til rusmiddelsbrukarar i aldersgruppa 18-66 år. Også her ligg Sveio under gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo. KOSTRA-tala viser at Sveio i 2014 hadde ein langt høgare del nyinnflytta med psykiske lidinger samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo. Det føreligg ikkje tal for 2013 og 2015 på denne variabelen, og det føreligg ikkje tal for Sveio kommune på del nyinnflytta rusmiddelsbrukarar i 2013-2015. Sjå Tabell 17 i vedlegget.

I februar 2016 gjennomførte Fylkesmannen i Hordaland eit tilsyn med NAV i Sveio kommune.³ Tema for tilsynet var tenestene opplysning, råd og rettleiing og økonomisk stønad til unge mellom 17 og 23 år. Det blei undersøkt om kommunen gjennom si styring og leiing sørger for at tenestene er tilgjengelege for personar mellom 17 og 23 år, og at tildeling og oppfølging av tenestene er forsvarlege. To avvik blei avdekt i tilsynet:

- NAV Sveio har ikkje felles praksis for kartlegging og oppfølging ved søker om økonomisk stønad frå personar mellom 17 og 23 år. Det er heller ikkje avklart kva som skal dokumenterast av dette.
- NAV Sveio har ikkje sett i verk systematiske tiltak for å sjå til at søkeren frå personar mellom 17 og 23 år blir avgjort etter ei konkret og individuell vurdering.

Det går fram av undersøkinga at NAV Sveio har revidert det meste av rutinar etter tilsynet frå Fylkesmannen. Det blir vidare opplyst i undersøkinga at NAV Sveio nyttar NAV Hordaland sitt HMT-system, og det blir peika på at det einaste NAV Sveio hadde manglar på knytt til HMT er risikokartlegging. Det er no satt i gang eit arbeid for å få dette på plass.

2.5.2 Barnevern

KOSTRA-tala viser at Sveio kommune har lågare netto driftsutgifter per innbyggjar mellom 0-17 år til barneverntenesta samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i perioden 2013-2015. Samstundes går det fram av KOSTRA-tala at Sveio har ein høgare del netto driftsutgifter til sakshandsaming i barneverntenesta samanlikna med dei same gruppene i same periode. I følgje KOSTRA-tala har Sveio kommune hatt ein nedgang i delen undersøkingar med handsamingstid innan tre månader frå 2013 til 2015, men Sveio ligg framleis over gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i heile perioden. Sjå Tabell 9 i vedlegget.

Det går fram av Sveio kommune sin årsrapport at barneverntenesta opplever utfordringar med å gje familiær tilbod om dei tiltaka dei treng til rett tid. Det blir peika på at kommunane får eit stadig større ansvar for tiltakskjeda, og barneverntenesta får ikkje lenger tilbod om PMTO-tiltak frå BUF-etat. Tenesta har ein sakshandsamar med særleg rettleiingskompetanse, men denne tiltaksressursen er for liten til å dekke opp for behovet som finst i kommunen. Årsrapporten peiker også på at Sveio kommune har mangel på fosterheimar, noko som blir opplevd som svært utfordrande for barneverntenesta.

Det går fram av undersøkinga at det er uro knytt til barneverntenesta sitt arbeid med beredskap. Det blir peika på at Sveio kommune har arbeidd for å få på plass eit interkommunalt samarbeid om barnevern, men dette har ikkje gått i orden.

³ Fylkesmannen i Hordaland – Rapport frå tilsyn med Nav Sveio kommune, 26.02.2016.

UTKAST

Det går også fram av undersøkinga at det er usikkerheit knytt til om det kommunale avvikssystemet eignar seg til registrering av avvik knytt til sakshandsaminga i barneverntenesta. Det blir peika på at barneverntenesta er liten og at det er kort veg mellom leiar og sakshandsamar, slik at avvik knytt til sakshandsaming blir tatt tak i «der og då». Denne praksisen gjer at ein manglar eit system som gjer at ein får ei overordna oversikt over historikk av avvik i tenesta.

I matrisa under følgjer ei vurdering av ulike risikoområde som er avdekka i denne undersøkinga:

Oppvekst				
Risikoområd e	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Bustader for vanskeleg-stilte	<p>Det går fram av undersøkinga at busetting av flyktingar har vore ei stor utfordring i kommunen på grunn av manglande eigna bustader, og oppfølging av tilflytta flyktingar.</p> <p>Vidare går det fram at kommunen har ein høg del søkerar til kommunalt disponerte bustader</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for mangelfult tilbod • Risiko for brot på regelverk 		
Tilbod til unge arbeids-ledige	Det går fram av undersøkinga at kommunen manglar eit tilfredsstillande tilbod for unge arbeidssøkarar i kommunen	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for mangfull regeletter-leving 		Fylkesmannen har hatt tilsyn med NAV på dette området og NAV har gjennomgått sine rutinar etter dette
Tilbod til rusmis-brukarar	Det går fram av undersøkinga at kommunen har utfordringar knytt til arbeidet med rusmisbrukarar, og kommunen manglar aktivitets- og arbeidstilbod for denne gruppa	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko fom manglande tilbod og oppfølging 		
Barnevern	<p>Det går fram av undersøkinga at det kan vere risiko knytt til manglande kapasitet og kompetanse i barneverntenesta i kommunen.</p> <p>Det går også fram av undersøkinga at barneverntenesta manglar eit tilfredsstillande avvikssystem</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for manglande internkontroll • Risiko for mangfull kapasitet • Risiko for manglande tilbod 		

2.6 Tekniske tenester

UTKAST

2.6.1 Teknisk og næring

Teknisk og næring omfattar administrasjon, næringsrettleiing gjennom avtale med Haugaland vekst, drift- og anleggsavdelinga, plan- og næringsavdelinga inkludert Sveio brann- og redningsvesen.

Hovudoppgåver for drift- og anleggsavdelinga er drift, vedlikehald, og utbygging av kommunale bygningar og anlegg. Vidare har avdelinga ansvar for vedlikehald og opprusting av kommunale vegar og sykkel- og gangstiar, park og grøntanlegg, utbygging av kommunale bustadfelt og reinhald. Forvaltning av kommunal renovasjon og slam ligg og til avdelinga.

Sentrale arbeidsoppgåver knytt til plan- og næringsavdelinga er planlegging, delingssaker, eigedomsdeling, byggesaker, registerføring, konsesjonar, akvakultur, utsleppsløyve, dispensasjoner, viltforvaltning, landbruk, veterinærkyst, energi/klima/miljø/vassforvaltning, brannvern og kommunalt beredskapsarbeid.

I årsrapporten for 2015 blir det peika på at det kan vere utfordrande å halde vedtekne økonomiske rammer for tekniske tenester og næring. Vidare blir oppfølging av investeringsprosjekt trekt fram som ei utfordring, samt å ha kapasitet til å gjennomføre alle vedtekne prosjekt etter ønskja framdrift. Det blir vidare trekt frem at det kan vere utfordringar knytt til slutføring av arbeid med trafikkiksringssplan og vedlikhaldssstrategi, og planlegging og utføring av godt vedlikehald av tekniske anlegg, bygg og vegar.

I undersøkinga blir det også peika på at vedlikehald av bygg i kommunen ikkje er bra nok, spesielt når det gjeld skule- og barnehagebygg. Det er registrert klagar knytt til dårleg inneklima.

Det går fram av KOSTRA-tala at Sveio kommune frå 2013 til 2015 har hatt ein auke i netto driftsutgifter til plansakshandsaming som del av kommunen sine samla netto driftsutgifter, og i 2015 ligg Sveio over gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo. Det går vidare fram av KOSTRA-tala at Sveio kommune hadde høgare gjennomsnittleg sakshandsamingstid for oppretting av grunneigedom samanlikna med gjennomsnittet for landet utan Oslo i 2013 og 2015, men dette er redusert i 2015, og Sveio ligg i 2015 under gjennomsnittet for landet utan Oslo. KOSTRA-tala viser elles at fristar knytt til handsaming av byggesaker ser ut til å bli haldne. Sjå Tabell 13 i vedlegget.

I undersøkinga blir det stilt spørsmål ved om sakshandsamingsoppgåvene innan tekniske tenester blir gjort ein effektiv måte, og i høve til lovar, reglar og tidsfristar. Dette blir peika på som ei særskild utfordring innan planavdelinga.

2.6.2 Vatn, avfall og renovasjon (VAR)

